

Høyring: Forslag til ny lokal opptaksforskrift for Høgskulen på Vestlandet

Bakgrunn for saka

Som følgje av fusjon er det naudsynt å ha eit felles regelverk for opptak til utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet, gjeldande frå 1. januar 2017. Arbeidsgruppa sikker drift – studentopptak har utarbeidd eit forslag til forskrift om opptak til Høgskulen på Vestlandet.

Gruppa sitt mandat for arbeidet med ny forskrift

Sidan arbeidsgruppa for forskrift og eksamen har vald å ikkje inkludere opptak i studie- og eksamensforskrifta, inneber det at føresegner om opptak som ikkje er omfatta av gjeldande nasjonalt regelverk om opptak må vere heimla i ei eiga forskrift. Arbeidsgruppa sikker drift - studentopptak identifiserte tidleg at det var naudsynt med felles opptaksreglar, og la dette fram for den Koordinerande arbeidsgruppa for studieadministrasjon (KA) som samtykka til at arbeidsgruppa utarbeide ei felles forskrift om opptak.

Representantane i arbeidsgruppa for sikker drift - studentopptak er:

HiSF: 1. Arnstein Menes
2. Bergljot Sundfør

HSH: 1. Espen Fosse
2. Karin Stormo

HiB: 1. Unni B. Rogvin
2. Linda Mcguffie

I arbeidet med forskrifta har alle som arbeider ved opptakskontora på de ulike institusjonane, også dei som ikkje er med i arbeidsgruppa, vore med på å gje innspel. Forskrifta er utarbeidd med utgangspunkt i regelverka som til no har vore gjeldande ved dei tre institusjonane. Dessutan er det teke utgangspunkt i oppbygginga av den gamle forskrifta ved Høgskulen i Bergen, sidan dei andre to institusjonane ikkje har ei eige forskrift om opptak. På dei områda kor det har vore ulik praksis ved dei ulike institusjonane har arbeidsgruppa forsøkt å identifisera kva for løysing som vil dekke behova i den nye Høgskulen best.

Forskrifta er tenkt å gje generelle føringar som skal gjelde for opptak til alle studia ved Høgskulen på Vestlandet, medan utdjupande reglar blir fastsett i eigne retningslinjer om opptak og rangering. Det vil kome ei eiga høyringssak om desse.

I medhald av fusjonsplattforma vil forskrifta bli utforma på nynorsk. Det vil bli utført språkvask og dessutan gjennomgang av referansar til lovtekst før saka skal handsamast av interimstyret. Forskrifta skal kunngjerast i Norsk Lovtidend, jf. forvaltningsloven § 38.

Mål for arbeidet med forskrifta og arbeidsgruppa si vurdering av arbeidet

Forskrift om opptak skal vere eit verktøy som bidrar til at Høgskulen på Vestlandet gir studieplass til dei søkjarane som er best kvalifisert. Arbeidsgruppa har lagt særskilt vekt på at reglane skal sikra likebehandling av søkjarar til dei fem studiestadene og at regelverket skal vere føreseieleg. Det er og teke omsyn til at regelverket for handsaming av søknadar til den nye Høgskulen ikkje skal skilje seg mykje frå reglane som gjeld for nasjonale opptak, eller for opptak til andre institusjonar som vi kan samanlikne oss med.

Eit anna punkt som det er teke høgde for er at Høgskulen på Vestlandet kjem til å ha eit større volum av søknadar og ei større studieportefølje å handtere opptak til enn dei tre

institusjonane tidlegare har hatt kvar for seg., Det kan også tenkast at det totale talet på søkjarar i framtida kan overgå summen av søkjarar dei tre institusjonane har i dag. Dette medfører at regelverket for opptak må vere slik utarbeidd at det kan passe for både små og store opptak, utan at ein må revidere forskrifta kvar gong det skjer ei endring i studietilbodet.

Med utgangspunkt i desse momenta har arbeidsgruppa laga ei forskrift som legg tydelege føringar for felles sakshandsamingspraksis, men som samtidig ivaretek dei ulike behova som finns ved dei ulike utdanningane og studiestadene.

Slik forskrifta er utarbeidd ligg vedtaksmynde for endringar i forskrifta til styret sjølv, medan endringar i retningslinjene er foreslått lagt til det organ styret delegerer dette til. Dette er gjort for å ivareta fleksibilitet dersom det er naudsynt med endringar. Dei tinga som er heimla i forskrifta følgjer i det store og det heile frå nasjonalt regelverk, og frå prinsipp om god forvaltningsskikk og likebehandling. Desse reglane bør av omsyn til søkjarane sine rettar ikkje endrast for ofte.

Det konkrete innhaldet i retningslinjene følgjer av dei føresegnene som blir gitt i forskrifta. Difor har arbeidsgruppa sett det som hensiktsmessig å vente med utforminga av retningslinjene til høyringsrunden på forskrifta er avslutta, slik at dei innspela som kjem i høyringa kan takast omsyn til. Retningslinjene må vedtakast før studietilbodet for det komande studieåret publiserast for søknadsregistrering 1. februar 2017.

Arbeidsgruppa er kjend med at også andre forskrifter ved Høgskulen på Vestlandet er under arbeid. Grunna kort tid og mange usikre faktorar i fusjonsprosessen kan det dukke opp problem (motstrid til andre forskrifter, problem med å gjennomføre regelverket i praksis i den nye høgskulen osv.) som ikkje vi ser no. Difor kan det bli naudsynt å revidere forskrifta i etterkant av at det første fellesopptaket er gjennomført.

Om forskrifta:

Det er blitt lagt vekt på å lage ein disposisjon som ikkje skil seg mykje frå den nye eksamens- og studieforskrifta ved Høgskulen på Vestlandet. Kapitla er inndelt tematisk etter innhald, kor det som gjeld generelt for alle opptak står først og spesielle reglar som gjeld enkelte typar opptak eller unntakstilfelle kjem under. Oppsettet er valt for å unngå for mange repetisjonar av det same innhaldet og for at forskrifta ikkje skal bli for lang. Der det har vore relevant har omgrep blitt samordna med dei omgrepa som er brukt i utkast til ny studieforskrift.

§ 1. Verkeområde og definisjonar

Avgrensing av verkeområdet og kva for regelverk som elles gjeld for området forskrifta omhandlar. Det er og sett inn ein paragraf med definisjonar av omgrep som blir nytta seinare i forskrifta. Definisjonane er også meint som eit hjelpemiddel for søkjarane og andre, slik at dei enklare kan orientere seg i kva for regelverk som gjeld for utdanningane som vert tilbode ved Høgskulen.

Definisjonane er ikkje meint å vere uttømmmande, men skal gje ein peikepinn på kva for paragrafar seinare i forskrifta som gjeld for dei ulike typane utdanning. I paragrafane som omhandlar opptaksgrunnlag vil unntaka som gjeld kome frå, t.d. står det ikkje i definisjonen for master at opptaksgrunnlaget kan innehalde krav til praksis, men dette kjem fram i § 2-3. Arbeidsgruppa har teken utgangspunkt i definisjonane som er brukt i studium og eksamensforskrifta der det har vore hensiktsmessig.

Arbeidsgruppa ynskjer tilbakemelding på omgrepet overflytting. Det er meint at omgrepet skal dekke både dei studentane som blir tatt opp via lokalt opptak på grunnlag av at dei har

aktiv studierett ved eit tilsvarande studium ved ein anna institusjon og for dei som får opptak til 2. året på grunnlag av eit bestått årsstudium. Elles i landet er det omgrepet «overflytting» som vert mest brukt, og difor har arbeidsgruppa landa på dette omgrepet i forslaget til ny forskrift. Spørsmålet til høyringsinstansane er om dei er samd i at omgrepet er vidt nok til å også omfatta dei studentane som ikkje kjem direkte frå eit anna tilsvarande studium. Andre omgrep som kan vere aktuelle er innpassings-/overflyttingsopptak, suppleringsopptak, innpassingsopptak eller direkteopptak.

Til info så vil det vere opp til fagmiljøa kva for type overflyttingssøknadar dei ynskjer til sine studium.

§ 2. Minstekrav for opptak

Dette kapitlet gjeld dei formelle krava søkjarar må dekke for å bli rekna som kvalifisert for opptak til utdanningar ved Høgskulen på Vestlandet.

Minstekrav for opptak til høgare utdanning i Noreg er generell studiekompetanse. I den nasjonale opptaksforskrifta er dei ulike måtane å dekke dette kravet på beskrive, og dessutan også unntaka får kravet (inkludert dispensasjon, realkompetanse, y-veg, teknisk fagskole mm.). I § 2-2 vert det vist til den nasjonale forskrifta i samband med opptaksgrunnlag til grunnutdanningar.

I den generelle delen (§ 2-1) er også språkrava for opptak til Høgskulen på Vestlandet heimla. Desse krava må nemnas spesifikt i vår lokale forskrift for at krava skal gjelde utdanningar som ikkje er regulert av den nasjonale opptaksforskrifta.

Det er eit ynskje om å utforme eit regelverk som kan handtere auka søkjartal og studieportefølje, og dessutan ambisjonane om å ta opp fleire internasjonale studentar. Det er difor naudsynt å ha ein heimel for å krevje høgare engelskkunnskapar for opptak til mastergrad og vidareutdanning, som blir undervist på engelsk, enn det kravet som gjeld for opptak til norskspråklege utdanningar på bachelornivå (5.0 på IELTS). Arbeidsgruppa har foreslått eit nivå som samsvarar med krava som gjeld for opptak til engelskspråklege mastergradar ved t.d. HiOA, UiA og UiS (6.0 på IELTS). UiO og UiB har eit krav som er enda høgare (6.5 på IELTS).

Dei ulike testane og nivåa som vert kravd er lista opp i forskrifta fordi vi må ha ein heimel for å samanlikne nivåa mellom dei ulike testane. For kravet til norskkunnskapar finns ei slik samanlikning i den nasjonale opptaksforskrifta § 2-2.

Det er teken høgde for at det kan vere behov for å gjere unntak frå kravet, og det er difor opna for dette i forskrifta. For det komande studieåret så vil atterhalda i § 10-1. overgangsføresegn, gjere det mogleg å halde fram med lågare krav til engelskkunnskapar ut året dersom ein ikkje når å leggja unntaket i studieplan før 1. januar 2017.

§ 3. Realkompetanse

Av rundskriv F-15-10 frå kunnskapsdepartementet (30.11.2010) og Rundskriv F-55-00 frå Utdannings- og forskningsdepartementet (18.12.2000), jf. § 3-1 i forskrift om opptak til høgere utdanning følgjer det at Høgskulen er forplikta til å vurdere om søkjarar som ikkje dekker dei formelle opptakskrav til eit studium er kvalifisert for å få opptak til studiet på grunnlag av realkompetanse, og dessutan å fastsette reglar for vurdering av slik kompetanse.

§ 4. Kvoter og opptaksrammer

Det er viktig å ha ein heimel for å ta opptak i ulike kvoter, og det er styret som har vedtaksmynde når det gjeld fastsetting av tal på studieplassar. Her er det også teke med ei opning for å setja eigne kvotar på enkelte studium.

§ 5. Rangering

Dette kapitlet gjeld prinsippa for rangering av søkjarar som dekker opptakskrava til studium, jf. § 2. Føresegnene i dette kapitlet skal ivareta søkjarane sine rettar og sikra likebehandling, og ein føreseieleg prosess som kan etterprøvast.

I 5-2 vert dei poengtypane som kan nyttast i utrekning av poengsummen lista opp. Dei poengtypane som er teke med er dei same som nyttast i dei lokale opptaka ved HSH og HiB i dag og det ligg nært rangeringsreguleringa for lokale opptak ved andre institusjonar elles i landet. HiSF har i dag ikkje tilleggspoeng for høgare utdanning ved søknad til master og vidareutdanningar.

Det er tenkt at fagmiljøa sjølv skal kunne ha innverknad på kva for poengtypar som er relevante for rangering til deira studium, og kva for poengkombinasjonar som gjeld for opptak til ulike studium skal heimlast i retningslinjer om opptak.

Det er teke med ei opning for at andre poengtypar enn dei som er gitt i § 5-3 (1) a)-c) kan nyttast for opptak til studium som av særskilte grunnar må vektlegge andre faktorar i rangeringa.

I § 5-4 vert det vist til dykkarutdanninga på Høgskulen i Bergen. Arbeidsgruppa er kjend med moglegheita for at føresegnen om denne utdanninga kan bli fastsatt i nasjonale reglar om fagskuleutdanningar. I så tilfelle vil tilvisinga til denne utdanninga bli fjerna frå den lokale forskrifta vår.

§ 6. Særskilt vurdering

I den nasjonale opptaksforskrifta § 7-13 gis det at institusjonane kan gjera unntak frå rangeringsreglane for søkjarar som har krav på særskilt vurdering. Dette er teke med i denne forskrifta for heimle moglegheita for å gi slik vurdering også i lokale opptak. Denne føresegna gjeld for svært få søkjarar og dokumentasjonskrava er strenge.

§ 7. Betinga opptak og tilbod

Dette kapitlet gir ein heimel for å gje søkjarar tilbod om studieplass sjølv om krava ikkje er fullt ut dekkja på det tidspunktet dei får tilbodet. Det vert skild mellom betinga *opptak* og betinga *tilbod*.

Betinga *opptak* kan bli gitt i heilt særskilte tilfelle til søkjarar som manglar delar av opptaksgrunnlaget (maksimalt 15 studiepoeng), t.d. grunna sjukdom på eksamen eller andre tungtvegande grunnar. Desse søkjarane får gå i gang med studiet, men mistar studieretten jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 4-1 (3), dersom dei ikkje innfrir kravet innan gitt frist, normalt i løpet av det første semesteret. Stryk på eksamen gir ikkje grunnlag for betinga opptak.

Betinga tilbod gjeld dei søkjarane som får eit førehandsløfte om studieplass, men kor tilbodet har særskilde vilkår knytt til seg. Dette kan gjelda søkjarar som ikkje får vitnemålet sitt før ettersendingsfristen, men som kjem til å få dette før studiestart, eller at dei må bestå ein

helsetest som skal skje etter at opptaket er kjørt osb. Vilkåra må vere innfridd før studiestart for at dei skal få behalde tilbodet om studieplass.

§ 8. Felles føresegner om administrative forhold

Dette kapitlet gjeld dei rettar og plikter som søkjarane har i opptaksprosessen. Mange av punkta er også heimla i den nasjonale opptaksforskrifta, men må likevel fastsettast i den lokale forskrifta vår for å også kunne gjelde for søkjarar til lokale opptak.

§ 9. Utfyllande reglar

§ 9-2. overgangsføresegn er meint å opne for at ein kan gjere unntak frå dei nye reglane i heilt særskilte tilfelle. Dette er for å sikre at ikkje søkjarar skal bli skadelidande på grunn av reglar som blir endra i samband med fusjonen.

Høyringsfrist

Høyringsfristen er 17. november 2016. Arbeidsgruppas medlemmer er kontaktpersonar for spørsmål i høyringsrunden.

Med vennlig hilsen

Arbeidsgruppe Sikker drift - Studentopptak